

Nye Ålesund kommune – Prosjektgruppe A8 – kart oppmåling og matrikkel – Møtenotat 5.

Møtestad: Haram kommune, brannstasjonen

Tid: 21.08.17, kl. 09:30 – 14:30.

Møteleiar: Per Anders Aure

Til stades: Bent Leite, Knut Berg, Sol Slinning, Kjetil Grytten, Haldor Lillebø, Per Anders Aure, Knut Helge Skare, Beate Furstrand, Anne Berit Støyva Emblem

Mari Anne Gulseth (AMK-sentralen), Åge Henriksen (110-sentralen), Nils Kristen Skaar (brannmester, Haram kommune)

Tema	Omtale	Ansvar/utførande
Referat frå møte 4, 22.06.2017	Merknader	
Mandat	<p>Del 1 i mandatet er lik for alle delprosjekta.</p> <p>Del 2 i mandatet vart gått igjennom punkt for punkt. Per Anders lagar 2. utkast til mandat med bakgrunn i drøfting og notater gjort på møtet. Utkastet ble sendt til Anne Berit under møtet.</p> <p>Fellesnemnda skal vedta mandatet til den enkelte prosjektgruppe. Når vedtak ligg føre skal ny framdriftsplan for prosjektgruppe A8 utarbeidast.</p>	Per Anders
Stadnamnkonsulent	<p>Kan bli ein lang prosess (for eksempel namnesak), tema til ROS.</p> <p>Sandøy tilhørarstadnamnkontoret i Trondheim, Haram, Skodje, Ørskog og Ålesundtilhørararkontoret i Bergen. Avklare dette, bør vere same konsulent/kontor for heile den nye kommunen.</p>	Per Anders/ Knut Helge

Møte: 21.08.2017

Tema	Omtale	Ansvar/utførande
Forvaltningssystem – digitale kartdata (FKB) og sentral lagring	<p>Knut Helge informerte om innhaldet i sitt innspel om karforvaltningssystem frå møtet den 22.06.2017.</p> <p>Kartforvaltningssystem er ein føresetnad for å kome i gong med sentral lagring og geosynkronisering av digitale kartdata hos Statens kartverk. Signala som langt er at ein må utarbeide ein kravspesifikasjon og legge denne ut på anbod.</p> <p>Rådmannen i Skodje, Bente Glomset Vikhagen, ønskjer å delta i eit møte om å avklare framgangsmåten for innkjøp av kartforvaltningssystem for Nye Ålesund kommune.</p> <p>Deltakare frå prosjektgruppa i møtet med Bente Glomset Vikhagen blir:</p>	Knut Helge

	Per Anders Aure, Knut Helge Skare og Knut Berg.	
110-sentralen (brann og ulykke) AMK-sentralen (Akuttmedisinsk)	<p>Åge Henriksen (110) og Mari Anne Gulseth (AMK) orienterte om deira erfaringar med bruk av vegadresser i samband med naudsamtalar.</p> <p>Erfaringanedeira samsvarar godt med det arbeidet som prosjektgruppa ser for seg må til for å samordne eksisterande og nye vegnamn i Nye Ålesund.</p> <p><i>Matrikkelforskriften § 51. Adressenavn.</i> <i>(1) Kommunen skal tildele alle gater, vegar, stier, plasser og områder som blir brukt til offisiell adressering, et navn som er entydig innenfor kommunen.</i></p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Like vegnamn (adressenamn) kan ikkje førekomme. Her må ein vedta nye namn på fleire vegar. 2. Nesten like vegnamn. Det kan være eit problem om ein misoppfattar uttalen på nesten like vegnamn som ligg langt frå kvarandre. Dette går likevelsom regel bra då ein supplerer vegnamn/-adresse med stadnamn, kjente bygningar og konstruksjonar i nærleiken. Slike vegnamn kan ein vurdere å endre når Nye Ålesund er etablert. <p>Foredrag vert sendt ut?</p>	Åge Henriksen Mari AnneGulseth
Adressenummer (husnummer)	<p>Ålesund og Skodje har adressenummer med oddetal (ulike tal) på venstre side av vegen og partal (liketal) på høgge side av vegen.</p> <p>Haram, Sandøy og Ørskog har adressenummer med oddetal (ulike tal) på høgge side av vegen og partal (liketal) på venstre side av vegen.</p> <p>Ifølge Statens kartverk er det ikkje noko problem å fortsette med denne nummereringa etter etablering av Nye Ålesund.</p>	
Kriterier for endring av vegnamn	Det vart gjort nokre justeringar av dei føreslegne kriteria. Dei justerte forslaga vert sendt ut.	Knut Helge
Like gatenamn	Neste møte blir via til dette temaet i sin heilheit.	

Referent: Kjetil Grytten, Brattvåg - 22.08.2017

Neste møte: 12.09.2017 i Ålesund